

Kontrollutvalet sin rapport for 2025

I samsvar med NIF si lov § 2-12 har kontrollutvalet i Skånevik Idrettslag utarbeidd sin rapport.

Kontrollutvalet skal kontrollere at styret utfører dei oppgåvene styret er tildelt etter Skånevik Idrettslag si lov.

Vi har utført følgjande handlingar:

Vi har gått gjennom protokoll frå årsmøte 2025, styret sine protokollar, samt andre dokument som utvalet har funne det nødvendig å gjennomgå. Vi har fått alle opplysningar vi har bedt om frå Skånevik idrettslag sitt styre. Vi har gått gjennom styret sin årsrapport for 2025 og den styrehandsama årsrekneskapen for 2025.

Kontrollutvalet har hatt to møter gjennom året, og begge utvalets medlemmer har tatt Norges idrettsforbund sitt kurs for kontrollutval.

Kontrollutvalet er valt for eit år om gongen. Årsmøtet bør ta stilling til om dette bør endrast for kontinuiteten sin del. Norges idrettsforbund sine retningslinjer, seier at kontrollutvalet skal ha kjønnsbalanse.

Kontrollutvalet har følgjande merknader til forvaltninga av Skånevik Idrettslag:

Årsmøtevedtak 10.5 (2025): Etablering av retningslinjer. Kontrollutvalet tilrår at dette arbeidet blir slutført innanfor ei angitt tidsramme.

Kontrollutvalet har følgjande merknader til rekneskapen slik den er lagd fram:

Kontrollutvalet har ingen merknad til rekneskapen slik den er lagd fram.

Konklusjon

Det er kontrollutvalet sin konklusjon at styret har utført dei oppgåvene det er tildelt etter lova, og kontrollutvalet tilrår at styret sin rapport og Skånevik idrettslag sin årsrekneskap for 2025 vert godkjent av årsmøtet. Kontrollutvalet finn at Skånevik idrettslag har god forvaltning og gode rutinar.

Stad, dato Skånevik, 19.02.26

Signatur leiar

Lina Johansen

Signatur medlem

Sarah MN Haaland